



DEN NORSKE KYRKJA
Ørskog sokneråd

dok 250
Kultur- og kirkeavdelingen
Saks. 200800738 2.9.08
Kode Ki-501 Beh

Kultur- og kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep.
0030 Oslo

Vår ref.: 008.0 106 - 2008

Dykkar ref.:

Datert: 28.08.08

Høyring - Styrket demokrati i Den norske kirke

Ørskog sokneråd (kyrkjelege fellesråd) hadde møte 26.08.08 og handsama Innstillinga om Styrka demokrati i Den norske kyrkja.
Vedtak i soknerådet sak ØKF 54/2008:

Ørskog sokneråd sine synspunkt til innstillinga Styrka demokrati i Den norske kyrkja:

Ørskog sokneråd vil først uttale at rådet stiller seg kritisk til den korte tidsfristen som er gitt til å kome med uttale til innstillinga. Innstillinga vart gitt ut 13. mai og kom sokneråda i hende i starten på juni og starten av ferien.

Dinest vil Ørskog sokneråd uttale at spørsmålet om styrka demokrati i kyrkja lett kan få feil fokus. Det som er viktig for kyrkja, er at det lokale engasjementet og aktiv deltaking i kyrkja sitt liv, blir auka. Det er på lokalplanet deltakinga må aukast blant dei av kyrkja sine medlemmer som bryr seg om dei verdiar og den budskap kyrkja står for.

Ørskog sokneråd meiner det må kome klart fram som grunnleggjande at dei kyrkjelege møte og råd skal utføre arbeidet sitt i lojalitet mot den evangelisk-lutherske lære og ha som oppgåve å vekke og nærme det kristelege liv i soknet.

Når desse grunnleggjande elementa er på plass og tydelege i valordningane, kan ein gjere nye forsøk på å få opp deltakingsprosenten ved dei kyrkjelege val.

Med dette som utgangspunkt går Ørskog sokneråd inn for forsøk med direkte val til Kyrkjemøtet. Ein kan gjerne utvide talet leke representantar. Ein kan også gjere forsøk med å senke røystealderen til 15 år.

Tidlegare forsøk har synt at deltakingsprosenten ved kyrkjelege val har gått opp når valet er lagt til same dag og stad som politiske val. Dette kan gjerne vidareførast når premissane for dei kyrkjelege vala er klare.

Den lokale kyrkja må tilførast midlar slik at den kan gjere eit godt førebuande arbeid, og få kyrkja i fokus i lokalsamfunnet.

For Ørskog sokneråd
Ester Walgermo
Ester Walgermo
kyrkjeverje

Adresse:
Kyrkjevegen
6240 Ørskog

Tlf.: 70270498 / 97987520
Fax: 70270992
e-post: orskog@kirkeserver.no

Org.nr.: 976997212